

INNKALLING

Utval: Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad: Kommunetunet, Eikelandsosen
Møtedato: 13.11.2017 **Tid:** kl.15:00

Forfall eller inhabilitet:

Grunngjeve forfall til møtet, eller inhabilitet, må meldast snarast råd til post@fusa.kommune.no eller ekspedisjonen tlf. 56 58 01 00.
Administrasjonen kallar inn varamedlem.
Varamedlemmer møter berre etter særskild innkalling.

Innkalling med saksliste og sakspapir er gjort tilgjengeleg heimesida www.fusa.kommune.no.

Eikelandsosen, 07.11.2017

Arne Holmefjord
Leiar

Gunn Sissel Teigen
Ansvarleg sekretær

Sakliste

Sak nr.	Tittel
062/2017	Budsjett 2018 - økonomiplan 2018 – 2020/21 - handsaming i senior- og funksjonsrådet

Styre, råd, utval	Sak nr	Møtedato
Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne	062/2017	13.11.2017

Budsjett 2018 - økonomiplan 2018 – 2020/21 - handsaming i senior- og funksjonsrådet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Saka vert lagt fram for uttale

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:
Senior- og funksjonsrådet – uttalerett
Formannskapet: tilråding
Kommunestyret - vedtaksmynde

Saksdokument:

Vedlegg: Sjå nederst i saka

Ikkje vedlegg:
Sjå under faktiske opplysningar

Faktiske opplysningar:

Som vedteke:
Senior og funksjonsrådet handsamar budsjettsaka i ekstramøte måndag 13.11.2017 kl 15.00.

Budsjettnotatet frå rådmannen og framlegg til betalingsattsar er lagt ut på heimesida og via iPad-løysinga. Sjå informasjon her:

<https://www.fusa.kommune.no/nyhende/aktuelt-fra-kommunen/radmannen-sitt->

budsjettframlegg-er-klart.93116.aspx

Trykt eksemplar av budsjettnotatet kan medlemmer og 1. vararepresentant henta sjølve i Kommunetunet i opningstida i ekspedisjonen eller biblioteket evt. etter nærare avtale, jf. tidlegare gitt informasjon.

Budsjettprosessen i november og desember:

Arbeidsmiljøutvalet skal få økonomiplan og årsbudsjettet til uttale 16.11.2017

Folkevalde skal arbeida vidare med økonomiplan og årsbudsjettet fram mot endeleg vedtak i kommunestyret fredag 15.12.2017.

Budsjettsaka vert lagt fram for følgjande politiske råd og utval:

Senior og funksjonsrådet handsamar budsjettsaka i ekstramøte måndag 13.11.2017 kl 15.00. Ungdomsrådet får saka til uttale i møtet sitt måndag 20.11.2017

Formannskapet sin budsjettkonferanse er 14. og 15.11.2017 . Formannskapet gjev tilråding i budsjettsaka i møte onsdag 22.11.2017

Formannskapet si tilrådinga vert lagt ut til offentleg ettersyn i minst 14 dagar før kommunestyret vedtek budsjettet i møte fredag 15.12.2017.